


Vedlegg 3

Hodlekve vassverk

Hodlekve vassverk forsyner hyttefeltet Hodlekve og er ikkje godkjent for fastbuande. Drikkevassbehovet er derfor knytt til vidare utbygging og heng på potensiell utbygger.

Det er i Bustadanalysen for Sogndal kommune ikkje peika på noko potensiale for Hodlekve, då det er eit felt for fritidsbustader.

Det er om lag 6,1 km vassleidning knytt til vassverket, for å halde fornyingstakta på under 100 år må ein derfor fornye i gjennomsnitt 60 m per år. Nettet er etablert i 2014 og treng fylgjeleg ikkje oppgradering i planperioden.



Figur 1-1: Forsyningsområde Hodlekve vassverk

		Skildring	Status
Vass- kjelde	Ordinær	Brønn med tilrenning frå Reipa med god årsavrenning, etablert ved oppbygging av hyttefeltet rundt 2014. Kapasiteten til sjølve brønnen er uviss, men vert drifta med maksimal mengde 1,9 l/s. Høgtidsdagar (påske, jul) er vassforbruket om lag 80% av døgntinuerleg maksproduksjon. Bassengvoluma gir i tillegg ein viss buffer, og kan ta unna toppar. Konsesjon frå NVE tillet uttak av opp til 8,1 l/s. Utan utviding av brønnanlegg er det lite rom for vidare utbygging. Råvatnet har høgt partikkelinnhald, er humushaldig, svakt surt, radon-, jern- og mangan-rikt, hardt (kalkhaldig), og e.-coli ikkje uvanleg haust og vår.	
	Reserve	Inga reservekjelde, ikkje aktuelt å etablere for eit hyttefelt	
	Krise	Inga krisekjelde, ikkje aktuelt å etablere for eit hyttefelt	
Vass- behandling	Ordinær	Luftkolonne for utlufting av vatn (radon mm.) og tilføring av oksygen, trykkfilter for jern- og manganfjerning og avkalkingsfilter. pH-regulering med lut ikkje i drift: Filtera hevar pH tilstrekkeleg. Desinfeksjon med UV-anlegg. To parallelle produksjonslinjer med alturnerande drift, der kvart UV-aggregat er dimensjonert for 2,25 l/s. Naudkloranlegg. Gitt alturnerande drift/ei linje i redundans, er kapasiteten til vassbehandlinga i same storleiksorden som kapasiteten til brønnen. Ved vidare utbygging må det vurderast om begge linjene kan/bør produsera parallelt, eller om vassbehandlinga må utvidast.	
	Reserve	Ingen reservevassverk.	
	Krise	Ingen krisevassverk.	

Transport-system	Høgdebasseng	HB Hodlekve 1, 300m ³ , kombinert med pumpestasjon, forsyner nedre sone			
		HB Hodlekve 2, 350m ³ , kombinert med pumpestasjon, forsyner øvre og midtre sone.			
	Overførings-leidningar	Hodlekve 1 - Hodlekve 2			
	Distribusjons-leidningar	Distribusjonsnettlet vart etablert ved utbygginga av hyttefeltet. Nettlet er lagt i 2013 og seinare, består av PE-leidningar og er i god stand. Det er fleire tilfelle med fryst vatn grunna lågt forbruk og nedgravne kummar grunna tilpassing av hyttetomter. Stor frustrasjon i driftsorganisasjonen på det siste.			
	Trykk-regulering	Vassverket har fire pumpeanlegg:			
		Brønnenlegg Reipa, knapp kapasitet			
		Vassbehandlingsanlegget Reipa, utfordringar med vasskvalitet			
		PV Hodlekve 1, fungerer godt			
		PV Hodlekve 2, nyetablert, nokre utfordringar, fungerer OK			
		Vassverket har to trykkreduksjonsanlegg:			
		Hodlekve 2 midt			
	Hodlekve 2 nedre				
	Brannvass-dekning	90% av bygga knytt til Hodlekve vassverk stettar preakseptert krav for brannvassdekning etter TEK17, som ikkje er tilbakevirkande. Storleiksorden 10% har dekning som ligg nær dei preaksepterte krava.			
	Forbruk	Vassverket har eit gjennomsnittsforkbruk på ca. 0,6 l/s. Forkbruket i eit hyttefelt som Hodlekve har store sesongvariasjonar, med lågt forkbruk utanom sesong og toppar kring jul, vinterferie og påske. Lågt forkbruk og relativt store høgdebasseng gir høg alder på vatnet, som kan gi kvalitetsproblem (høge kimal).			
Vassverket har berekna lekkasjedel på 40%, som gir 0,09 m ³ /time pr. km leidning. Den høge lekkasjedelen kjem av lågt gjennomsnittsforkbruk; lekkasjedelen pr. km leidning er låg. Berekingane er usikre grunna dårlege data. Vassverket har to målesoner (ei nyetablert, ikkje med i analysen).					
Abonnentar	Alle tomter har utlagt stikkleidningar og det er plikt om tilknytning, tilseier 100% tilknytning. Utfordring med utføring fleire stader				
	Det er planar om utviding av hyttefeltet, noko som medfører behov for utviding av vassverket				